

VEDLEGG 3

ANDRE SELSKAP

SAMVIRKEFØRETAK – KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP – STIFTINGAR – INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD – FALLRETTAR

01 – Biblioteksentralen SA (910 568 183)

Styreleiar: Torger **ØDEGÅRD**

Dagleg leiar: Hans Anders **VIGEN**

Organisasjonsform: Samvirkeføretak - SA

Kommunal representasjon i styret: Ingen

Gloppen sin eigardel:

Kommunane har minst 1 andel for kvar 1200 innbyggjarar. Andelsinnskotet er 300 kr.

Gloppen kommune har 5 andelar.

FØREMÅL

Være et serviceorgan for alle typer offentlige biblioteker. Biblioteksentralen har til oppgave å være hovedleverandør av produkter og tjenester til biblioteker og lignende institusjoner. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/ etablere virksomhet med det formål å betjene det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarkedet. Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at andelseiernes interesser ivaretas på beste måte.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter		198 682	178 338	162 589
Årsresultat		-6 377	-630	-2 712
Eigenkapitalandel		84,00 %	90,20 %	89,90 %

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Samfunnsøkonomisk motivert (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2)

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som andelseigar i Biblioteksentralen SA.

02 – Trivselsskogen SA (915 994 245)

Styreleiar: Christine Aagård **MIDTHJELL**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Samvirkeføretak - SA

Kommunal representasjon i styret:

Gloppen sin eigardel: Kommunen har skote inn kr. 250.000,- i andelskapital

FØREMÅL

Tilrettelegge, utvikle og vedlikehalde sentrumsnært turområde med tanke på betre folkehelse. Dette skal m.a. gjennomførast ved opparbeiding av turløyper til Utsikten og Fossen med etablering av plattformer og trapper, klatre og buldrevegg, naturmøteplassar og stinettverk med kvile- og møteplassar samt rydding, skilting og lyssetting. Deler av prosjektet skal tilpassast rørslehemma.

ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	275			
Årsresultat	91			
Eigenkapitaldel	96,80 %			

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Politisk motivert (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2)

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Trivselsskogen er eit godt tilrettelagt friluftstilbod for både innbyggjarar og tilreisande, og er eit viktig folkehelsetiltak. Kommunen skal framleis støtte opp om arbeidet med å utvikle Trivselsskogen, men ikkje ha noko administrativ rolle.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som andelseigar i Trivselsskogen SA.

03 – Vestland revisjon KO (923 249 478)

Styreleiar: Atle **HAMAR**

Dagleg leiar: Asgeir **TVEIT**

Organisasjonsform: Kommunalt oppgåvefellesskap – KO

Vertskommune: Sunnfjord

Kommunal representasjon i styret:

FØREMÅL

Revisjonssamarbeidet har som føremål å utføre revisjon i, og ha tilsyn med, deltakande kommunar, fylkeskommunar, og kommunale/interkommunale føretak etter kommunelova og tilhøyrande forskrifter og regelverk om revisjon.

Deltaking i revisjonssamarbeidet er ikkje ope for andre enn kommunar og fylkeskommunar. Revisjonssamarbeidet kan ta på seg revisjon av kommunar, kommunale, fylkeskommunale og interkommunale verksemder og føretak, og elles oppgåver/oppdrag som lowerket til ei kvar tid ikkje er til hinder for.

Revisjonssamarbeidet skal fremje kommunane sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i samarbeidet, samstundes som samarbeidet er forplikta til å dekke kommunane sine behov for revisjonstenester. Kommunane er forplikta til å kjøpe sine revisjonstenester av samarbeidet.

Revisjonssamarbeidet kan selje teneste til andre så lenge den totale delen av denne omsetnaden er innanfor grensene til gjeldande regler for utvida eigenregi, jf. lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Revisjonssamarbeidet kan ikkje vere eigar eller deltakar i andre verksemder som kan kome i konkurranse med revisjonssamarbeidet sitt føremål

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Politisk motivert (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2)

Samfunnsøkonomisk motivert (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Idretts- og kulturfasilitetane i Trivselshagen representerer ein stor samfunnsmessig verdi for Gloppen. Anlegget er kritisk for å kunne oppretthalde idrettsline ved Firda VGS. Eigarane er samde om at selskapet også skal utvikle Idrettsplassen med anlegg for løp og friidrett.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som eigar i TH Eigedom IKS.

04 – IKT Nordfjord KO (812 536 982)

Styreleiar: Tom Ludvig **JOENSEN**

Dagleg leiar: Willy Roger **NORDPOLL**

Organisasjonsform: Kommunalt oppgåvefellesskap – KO

Vertskommune: Kinn og Stad

Deltakarkommunar: Bremanger, **Gloppen**, Kinn, Stad og Stryn

Kommunal representasjon i styret: Kommunedirektør Anders **SKIPENES**

FØREMÅL

Samarbeidet skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver knytt til strategisk utvikling, kostnadseffektiv service og drift av eigarkommunane sin informasjons- og kommunikasjons-teknologi (IKT). Samarbeidet skal gjennom målretta bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane. Samarbeidet er regulert av samarbeidsavtalen. Styret får i oppgåve å utarbeide og ta stilling til andre ev. underavtalar og styringsdokument, t.d. tenesteleveranseavtale og strategidokument.

Samarbeidet er delt i to einingar: ei strategieining (IKT strategi lokalisert på Nordfjordeid) og ei driftseining (Nordfjordnett lokalisert i Måløy), under leiing av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Effektivisering av tenesteproduksjon (ref. pkt. 3, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

IKT Nordfjord er det strategisk IKT-samarbeidet i Nordfjord. Deltakarane er kommunane Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn. Dette er kommunalt oppgåvefellesskap med heimel i kommunelova kapittel 19. IKT er kostnadskrevjande, komplekst og stiller store krav til datatryggleik for kommunane. Dette kan best utførast i samarbeid med andre.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i IKT Nordfjord.

05 – Kommunearchivordninga i Vestland KO (930 064 661)

Styreleiar: Kjell Høgseth **FELDE**

Dagleg leiar: Sigrun **ESPE**

Organisasjonsform: Kommunalt oppgåvefellesskap – KO

Vertskommune: Vestland fylkeskommune

Deltakarkommunar: Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, **Gloppen**, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Sogndal, Solund, Stad, Stryn, Sunnfjord, Vik, Årdal og Vestland fylkeskommune

Kommunal representasjon i styret: Organisasjonssjef Geir Liavåg **STRAND**

FØREMÅL

Å leggje tilhøva til rette for at arkiva til deltakarane vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner. Samarbeidet kan yte depottenester for deltakarane sine papirbaserte og elektroniske arkiv, og dessutan tilby deltakarane ordnings- og digitaliseringstenester, og andre nærliggande tenester. Samarbeidet skal sørge for at arkiva til deltakarane vert gjorde tilgjengelege for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Effektivisering av tenesteproduksjon (ref. pkt. 3, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Effektivisering av tenesteproduksjonen.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Kommunearchivordninga i Vestland KO.

06 – SEKOM sekretariat KO (987 631 554)

Styreleiar: Per Rune **VEREIDE**

Dagleg leiar: Arnar **HELGHEIM**

Organisasjonsform: Kommunalt oppgåvefellesskap – KO

Vertskommune: Sunnfjord

Deltakarkommunar: Askvoll, Bremanger, Fjaler, **Gloppen**, Gulen, Hyllestad, Solund, Stryn og Sunnfjord

Kommunal representasjon i styret: Per Rune **VEREIDE**

FØREMÅL

Utføre sekretariattenester for kontrollutvala i eigarkommunane.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Effektivisering av tenesteproduksjon (ref. pkt. 3, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Effektivisering av tenesteproduksjonen.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i SEKOM sekretariat KO.

07 – Gloppen Frivilligsentral STI (971 366 362)

Styreleiar: Thor **HORNTVEDT**

Dagleg leiar: Kari **ARNESTAD**

Organisasjonsform: Stifting – STI

Kommunal andelskapital: NOK 25.000 (48 %)

Kommunal representasjon i styret: Cecilie Majchrowicz **HELGHEIM**

FØREMÅL

Frivillig arbeid i Gloppen innanfor eit kristent/humanitært menneskesyn.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Sikre at det frivillige arbeidet i kommunen vert godt organisert.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Gloppen Frivilligsentral – STI.

08 – Stiftinga Karnilstunet STI (976 474 767)

Styreleiar: Dag Erik **HAUGE**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Stifting – STI

Kommunal representasjon i styret: Svein **FØRDE** (AP)

FØREMÅL

Overta tun, bygningar m.m. på gnr. 68, bnr. 1 i Gloppen for å sikre bygningar, inventar og kulturlandskap for framtida.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Samfunnsansvar. Passiv deltakar.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Stiftinga Karnilstunet – STI.

09 – Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane STI (994 179 136)

Styreleiar: Ivar **KVALEN**

Dagleg leiar: Jan **HEGGHEIM**

Organisasjonsform: Stifting – STI

Kommunal representasjon i styret: Ingen. Magni Aa **BERGE** (SP), Hyen er innvald styremedlem

FØREMÅL

Drift av museum med offentlege driftstilskot.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Politisk motivert (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2)

Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2)

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

ØKONOMI

MiSF har ein grunnkapital på 100.000 kr. Gloppen kommune har betalt NOK 10.000, og kommunen sin del av stiftingskapitalen er dermed 10 %. Som vertskommune for Nordfjord Folkemuseum og museumsbygget for Holvikejekta, yter Gloppen kommune eit årleg driftstilskot til stiftinga. I 2025 utgjør dette NOK 566 368. Beløpet vert indeksregulert årleg.

Kommunen oppnemner eitt medlem til Rådet i stiftinga.

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Som vertskommune for fleire av MiSF sine museumsanlegg, har Gloppen kommune har særskilt interesse i at MiSF utviklar tilbodet ved Nordfjord Folkemuseum og formidlingsbygget for Holvikejekta. Desse tilboda representerer viktige tilbod både for fastbuande og tilreisande.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Musea i Sogn og Fjordane – STI.

10 – Stiftinga Norsk Countrytreff STI (987 671 017)

Styreleiar: Nils R. **SANDAL**

Dagleg leiar: Vegar **SÅRHEIM**

Organisasjonsform: Stifting – STI

Kommunal representasjon i styret: Bernt **REED** (SP)

FØREMÅL

Vere den kvalitetsmessige beste festivalen i Norge, og å kunne tilby dette kulturtilbodet til fastbuande og besøkande frå inn- og utland.

Arrangere eit årleg country treff i Gloppen kommune. Arrangementet har eit overordna mål å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå. Vidare skal arenaen vere open for regionale og lokale etablerte og nye artistar og grupper som på den måten kan få presentere seg i eit større miljø.

Kunne vere arrangør eller vere medarrangør i andre lokale, regionale og nasjonale country konsertar gjennom året, med det som føremål å auke interessa for countrymusikk, og dermed legge grunnlag for auka interesse for den årlege country festivalen. Dette må likevel ikkje verte ei økonomisk belastning for stiftinga.

Oppretthalde og vidareutvikle det gode og attraktive miljøet, og å kunne tilby fleire tilbod for heile familien under den årlege country festivalen.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Politisk motivert (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2)

Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2)

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Kommunen oppnemner eitt medlem til representantskapet og eitt medlem til styret i stiftinga.

Norsk Countrytreff i Breim har vakse til å bli ein av dei aller viktigaste arenaene for denne musikkjangeren i Noreg. I 2025 vart det seld 33 000 billetter til treffet. Det er stor frivillig innsats som løftar arrangementet, og inntektene frå festivalen representerer ei viktig inntektskjelde for lag og organisasjonar i Gloppen.

Kommunen skal legge til rette for at NCT kan halde fram den positive utviklinga.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Stiftinga Norsk Countrytreff – STI.

11 – Stiftelsen Norsk Fjordhestgard STI (856 625 982)

Styreleiar: Anne Marie Strand **HÅHEIM**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Stifting – STI

Kommunal representasjon i styret: P.t. ingen

FØREMÅL

Bygge opp eit kompetansesenter for avl og bruk av fjordhest, og å produsere andre tenester i samband med dette.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Politisk motivert (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2)

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Kommunen oppnemner eitt medlem med varamedlem til styret i stiftinga. P.t. er ikkje dette gjort. Kommune skal støtte opp om arbeidet til Norsk Fjordhestgard. Fjordhestgarden representerer eit viktig tilbod for mange av innbyggjarane i kommunen.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Stiftelsen Norsk Fjordhestgard – STI.

12 – Fjellestad Stiftelse STI (977 146 453)

Styreleiar: Geir Peder **UELAND**

Dagleg leiar:

Organisasjonsform: Stifting – STI

Kommunal representasjon i styret:

FØREMÅL

Drift av bustadar for vanskelegstilte personar eller andre.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Passiv deltakar.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Fjellestad Stiftelse – STI.

13 – Region Fjordane IPR (977 146 453)

Styreleiar: Jenny Ellaug **FØLLING**

Dagleg leiar: Elisabeth **HATLENES** (sekretær for Rådet)

Organisasjonsform: Interkommunalt politisk råd – IPR

Kommunal representasjon i Rådet: **ORDFØRAREN**

Deltakarkommunar: Askvoll, Bremanger, Fjaler, **Gloppen**, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Solund, Stad, Stryn og Sunnfjord

FØREMÅL

Samle deltakarkommunane om felles utvikling av regionen, med særskilt fokus på samferdsel, samfunnsmessig infrastruktur (særskilt kraftforsyning), næringsutvikling og busetnad.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Regionalpolitisk posisjonering (ref. pkt. 5, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Gloppen kommune skal medverke aktivt til utvikling av heile regionen, og samstundes ivareta kommunen sine egne interesser innanfor regionfellesskapet.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som deltakar i Region Fjordane – IPR.

14 – Fjordane Folkehøgskule FOR (977 146 453)

Styreleiar:

Dagleg leiar: Silvia van Hesik **FØRDE**

Organisasjonsform: Foreining – FOR

Kommunal representasjon i styret: Ingen

FØREMÅL

Bygge og drive folkehøgskule på Nordfjordeid.

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Samfunnsansvar (ref. pkt. 6, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Gloppen kommune skal avvikle medlemskapet sitt i Fjordane Folkehøgskule. Eigardel skal overførast til Stad kommune.

Konklusjon:

Kommunen skal avvikle medlemskapet vårt i Fjordane Folkehøgskule – FOR.

Fallrettar

Myklebustdalselva

Gloppen kommune er fallrettseigar med 3,9 % i Myklebustdalselva. Fallrettane er leigd ut til Byrkjelo Kraft AS for 30 år frå konsesjonsdato (17.02.2005).

Flølofossen

Gloppen kommune kjøpte eigedommane Havnen og Fossen av avviklingsstyret i Breim Everk. Handelen er tinglyst 10. november 1978. Gloppen kommune eig alle fallrettane i Flølofossen. Dette utgjer 4,2 % av fallrettane i Storelva.